



Alf Egil Kvamsdal
Skauvegen 408
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9150 - 20/28381

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
14.05.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 45/3

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 45/3
Tiltakshavar: Alf Egil Kvamsdal

Alver kommune har den 07.05.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning den 06.05.2020 vart registrert ein mogleg lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Skauvegen 408, 5957 Myking. Ved lekkasje i septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Norva24 AS rapporterer og at det var vanskeleg tilkomst til tanken for tømmebemannskapet, fordi det lågt mykje plank og paller attmed tanken. Norva24 AS oppmodar deg til å rydde rundt tanken slik at tilkomsten til den er tilfredsstillande ved framtidige tømningar.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Tilstandane må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 12.07.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøve, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Alf Egil Kvamsdal

Skauvegen 408

5957

MYKING